

Saksbehandlar: Frode Kristian Grøtnebø, Opplæringsavdelinga  
Sak nr.: 18/5829-4

## **Høyring - Rapporten Inkluderende fellesskap for barn og unge Ekspertgruppen for barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gje slik tilråding:**

1. Fylkesdirektøren for opplæring utarbeider eit administrativt høyringssvar for rapporten *Inkluderende fellesskap for barn og unge* innan 15. august 2018 Høyringssvaret vert lagt fram som sak til orientering for HO i neste møte

### **Vedlegg:**

1. Rapporten *Inkluderende fellesskap for barn og unge*
2. Brev til dei vidaregåande skulane, opplæringskontora, ungdomspolitisk utval og elevorganisasjonen

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

I mars 2017 sette Kunnskapsdepartementet ned ei ekspertgruppe som skulle vurdere tilbodet til barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging i barnehage, grunnskule og vidaregåande opplæringa. Grappa skulle gje nasjonale og lokale myndigheter og aktørar eit grunnlag for å velje dei best eigna inkluderande verkemiddel og tiltak.

Grappa vart leia av professor Thomas Nordahl og leverte rapporten *Inkluderende fellesskap for barn og unge* 4. april 2018.

Kunnskapsdepartementet sendte 17.04.18 ut ei høyring der dei inviterer høyringsinstansane til å gje sine vurderingar av framlegga i rapporten.

Fylkesdirektøren for opplæring har invitert dei vidaregåande skulane, opplæringskontora, ungdomspolitisk utval og elevorganisasjonen om å gje innspel til høyringsuttalen innan 1 august 2018.

Høyringsfristen er sett til 15. august 2018 og Kunnskapsdepartementet ber om at høyringsinstansane held fristen.

Neste møte i hovudutvalet for opplæring er 30. august. Fylkesdirektøren utarbeider eit administrativt høyrings svar innan fristen som er sett av Kunnskapsdepartementet. Høyringsvaret vert lagt fram som sak til orientering for HO i neste møte